



## Referat frå kommunemøte torsdag 27. august

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, fylkeskommunen og Legevakta i Bergen

Ikkje til stades: Alver kommune, Fitjar kommune, Luster kommune, Modalen kommune, Osterøy kommune, Samanger kommune, Sogndal kommune, Solund kommune, Stord kommune, Vaksdal kommune, Voss kommune og Øygarden kommune

### 1. Neste møte

Nytt telefonmøte med kommunane førstkomande vert **torsdag 03. september kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i chatte. Vi vil ikkje lenger gjennomføre opprop ved møtestart.

### 2. Fagsamling

Vi har bestemt å gjere fagsamlinga i haust om til ei digital samling. Fagsamlinga vil bli gjennomført over éin dag, anten 20. eller 21. oktober.

Tema for samlinga vil vere Covid-19 pandemien. Vi ønskjer å bruke samlinga til å dele erfaringar frå jobben som kommunane, helseføretaka, Fylkesmannen og andre har gjort. Målsetjinga er å kunne bruke erfaringane til å gjere ein endå betre jobb både under den vidare pandemien og etterpå.

Ny informasjon om den digitale samlinga vil bli sendt ut så snart nytt program og teknisk løysing er på plass.

Vi ønskjer å minne om at dei som er påmeldt og har bestilt hotellrom direkte hjå hotellet sjølv, må avbestille dette

### 3. Generelt om fysiske samlingar

Fylkesmannen gjer kontinuerlege vurderingar for arrangement og held seg til FHI sine retningslinjer. Arrangøren må sjølv gjere ei risikovurdering og avgjere korleis krava til gjennomføring skal ivaretakast, og om det er forsvarleg å halde arrangementet.

Her er nokre aktuelle moment i vurderinga av fysisk samling:

- Kva er den konkrete smittesituasjonen i våre kommunar?
- Kor mange er det som skal samlast?
- Kven er det som skal samlast?
- Toler vi at ei heil forsamling må i karantene?
- Kva situasjon set vi kommunane og oss sjølve i, dersom det vert oppdaga smitte?

Fylkesmannen har fleire arrangement som vi planlegg å gjennomføre i haust. Det vil bli gjort vurderingar heilt fram til møtedato for kvart enkelt møte.

Meir informasjon om gjennomføring av arrangement finn de på FHI.no:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og->



[yrkesgrupper/anbefalinger-ved-store-arrangementer-knyttet-til-koronasmitte-i-norge/](https://yrkesgrupper.anbefalinger.ved-store-arrangementer-knyttet-til-koronasmitte-i-norge/)

#### **4. Kontinuitetsplanlegging**

På møtet med DSB og Helsedirektoratet i går fekk vi beskjed om at vi i komande rapporteringar må ha særleg merksemd på kontinuitetsplanlegging. Vi vil i rapporteringa neste veke leggje inn ei oppsummering som tek utgangspunkt i dei tilbakemeldingane vi fekk gjennom underveis-evalueringa før sommaren.

Viss kommunane har innspel som de tenkjer er viktig at vi rapporterer vidare til nasjonale styresmakter, eller har gjort særskilte erfaringar/tiltak som de tenkjer kan vere relevant å dele med resten av kommunane, ber vi om at de sender det til beredskapsadressa ([fmvlberedskap@fylkesmannen.no](mailto:fmvlberedskap@fylkesmannen.no)) **innan måndag kl. 12.00**. Det kan hende at vi på eit seinare tidspunkt vil be om ei særskilt rapportering på dette.

Vi minner elles om DSB sin rettleiar for kontinuitetsplanlegging som de finn her:

<https://www.dsbo.no/veiledere-handboker-og-informasjonsmateriell/veileder-i-kontiunitetsplanlegging--opprettholdelse-av-kritiske-funksjoner-ved-hoyt-personellfravar/>

#### **5. Digitalt kompetansehevingstilbod ved NUSB**

Nasjonalt utdanningscenter for samfunnssikkerhet og beredskap (NUSB) har begynt å gjennomføre digitale kurs.

Kursoversikt finn de her: <https://www.dsbo.no/kurs-og-konferanser/>

#### **6. Rapportering til Fylkesmannen om endring i tiltaksnivå og eventuell stenging av skule og barnehagar**

Fylkesmannen ber kommunar som vel å stenge skular og barnehagar (heile eller delar), eller setje ein skule eller barnehage på raudt nivå, om å rapportere det til oss (sjå sak på kommunemøte 13.08.2020).

Vi viser òg til brev sendt til kommunane, fylkeskommunen og friskular av 17.08.2020 («*Rapportering over endring i tiltaksnivå og eventuell stenging av barnehagar og skular*»). I brevet står det korleis rapporteringa skal skje, korleis rapporten skal merkast, og kvar den skal sendast.

([fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no))

Brevet finn de på heimesida vår: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/barnehage-og-opplaring/barnehage/rapportering-ved-endring-i-tiltaksniva-eller-stenging-av-barnehage-og-skule/>

#### **7. Spørsmål om hospitering ved vidaregåande skule for elevar i 10. klasse**

Fylkesmannen har ikkje sterke meininger om korleis utdanningstilbodet skal leggast opp. For små ekskursjonar vil rettleiaren og dei tiltaka som ligg til gult nivå, gjelde for slik type aktivitetar som er i regi av skulen. Føremålet er å avgrense og ha kontroll på kontakt med elevar og tilsette i skulen. Den grunnleggande smittevernspraksisen gjeld òg her.



## 8. Informasjon til tilreisande ved grenseovergangar

Helsedirektoratet har utarbeidt eit informasjonsskriv om testing ved koronasenter ved grenseovergangar. Skrivet gir informasjon til tilreisande om korleis dei kan bidra til å avgrense risikoen for smitte med covid-19 inn til Norge, og om den praktiske gjennomføring av testing og mottak av prøvesvar.

Informasjonsskrivet finn de her: <https://www.helsedirektoratet.no/brosjyrer/testsentre-covid-19--plakater-film-informasjonsmateriell>

## 9. Orientering om testing og smittesporing i Bergen kommune v/legevaktsjef Dagrun Linchausen

Testsenteret på Flesland vart preopna 9. august, og har vore i vanleg drift frå 11. august. Per 27. august er det testa 2714 personar. Av desse har berre ein person testa positivt. Det er testa frå 17 personar per dag til 335 personar på meste. Det er kapasitet til å teste fleire, men pågangen vert avgrensa av mengde fly og passasjerar.

Testsenteret på Bergen hamn vart preopna 25. august, og i normal drift frå 26. august. Testsenteret er lokalisert inne i terminalen. Det er ei utfordring at mange reisande kjem med bil, og difor ikkje går innom testsenteret. Så langt har berre 5 % av dei som kjem i land blitt testa. Kommunen har vurdert om dei skulle opne for drop-in testing for innbyggjarane òg, men har konkludert med at staden ikkje er eigna til det.

Det vert arbeidd med å få opp den generelle testkapasiteten. Kommunen er no oppe i ein kapasitet på ca. 2,4 % av innbyggjarane per veke, og det vert jobba med å få det opp til målet på 5 %. Det er mykje arbeid med timebestillinga. Det er ei utfordring at mange ikkje møter opp til timane sine, sjølv om det er høve til å avbestille. Det er oppretta drop-in testsenter på Laksevåg. Her har det vore utfordingar med trafikkork, men dette ser ut til å ha løyst seg. Det er stor pågang, men kommunen opplever at det no flyt fint.

Det er krevjande å skulle test 5 % av innbyggjarane i veka (det tilsvrar t.d. eit fullsett Brann stadion). Utfordringane med omsyn til høgare testkapasitet knyter seg særleg til personalsituasjonen, men òg til opplæring, lokale, analysekapasitet, logistikk osb.

Per 27. august var Bergen kommune ajour med smittesporingsarbeidet. Det er tilsett to personar, og det skal tilsetjast fleire. Ved større smitteutbrot vert det kalla inn ekstravakter. Arbeidet med smittesporing er krevjande. Ein smitta kan ha vore i nærmiljøet med alt frå berre nærmaste familie til 100 personar. Dette gjer at arbeidet knytt til ein smitta kan variere.

## 10. Orientering om erfaring med smittesporing i Sveio kommune v/kommuneoverlege Ståle Andreassen

Tidlegare i sommar var det eit smitteutbrot i Sveio kommune. Kommunen hadde bidrige til smitteoppsporingsarbeidet knytt til utbrotet i Haugesund kommune like før. Kjennskapen til det utbrotet gjorde at dei relativt tideleg klarte å fange opp at dei to utbrota mest sannsynleg hang saman.

Til saman vart det avdekt 16 smitta i Sveio kommune og 14 i Haugesund kommune. Situasjonen vart særleg krevjande fordi fire tilsette i helsetenesta i kommunen testa positivt. Dette førte til at 25 tilsette måtte settast i karantene.



Grunna ferieavvikling var det berre to legar på jobb i Sveio i det aktuelle tidsrommet. Det betydd at parallelt med å handtere utbrotet, skulle kommunen tilby forsvarlege legetenester til innbyggjarane, inkludert drift av sjukeheim. Det var krevjande, men konklusjonen var at det ikkje var nødvendig å be om bistand frå nabokommunar.

#### Erfaringar frå utbrotet

- Lokalkunnskap var viktig i arbeidet med smittesporing. Når ein veit kven folk er så er det enklare å sjå koplingar mellom dei som var smitta.
- Det er nyttig å gå nokre oppfølgingsrundar under smitteoppsporinga. Det er krevjande for folk å hugse alle dei har vore i nærbane med, særleg viss smitteoverføringa kan ha skjedd litt tilbake i tid. Mange hugsar ofte meir når dei har fått tenkt seg litt om.
- Det er viktig med samarbeid mellom kommunane.
- Det var krevjande å følgje opp media under utbrotet. Det var til tider veldig stor pågang. Det var godt samarbeid internt i kommunen. Ordføraren bidrog med å avlaste kommuneoverlegen overfor media og det var semje om kva som skulle kommuniserast ut.
- Det er krevjande å planlegge drift når situasjonen endrar seg så fort. For å syte for tilstrekkeleg bemanning var det mange som måtte forskyve ferien.
- Det er av ulike årsaker viktig å følgje opp dei som er smitta:
  - For ein del er reglane for karantene og isolasjon forvirrande. Dette gjeld til dømes reglar for når nokre i hustanden er i isolasjon, medan andre er i karantene. Ein del har difor nytte av å få skriftleg informasjon og munnleg repetisjon.
  - Ein del opplever det som belastende å vere i isolasjon. Ein er sårbar og sjuk, og gjerne redde for å smitte andre i husstanden. Fleire føler òg på skuld og skam for å ha utsett andre for smitte. Sterk mediefokus vert ubehageleg når ein veit at det er ein sjølv som vert omtala. Bygdesnakk kan òg vere krevjande.

#### **11. Endringar i Helsedirektoratet sine tilrådingar for besøk i helse- og omsorgsinstitusjonar**

På tysdag sendte vi ut eit brev frå Helsedirektoratet som omtalar endringar i tilrådingar for besøk i helse- og omsorgsinstitusjonar. Informasjon om endringane finn de i "Koronarettleiaren" kapittel 9 og nettsida vår.

Koronarettleiaren kap. 9: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/besok-i-helse-og-omsorgsinstitusjoner-og-tiltak-mot-sosial-isolering>

Informasjon på fylkesmannen.no: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/smittevern/endringar-i-tilradingane-for-besok-i-helse--og-omsorgsinstitusjonar/>

#### **12. Orientering om tilskotsordningar hjå helse**

I juli lyste vi ut to tilskot med søknadsfrist 1. september 2020. Vi har så langt ikkje fått nokon søknader.

- Tilskot til aktivitetstiltak for å motverke einsemd.  
Målgruppe eldre og seniorar som bur i eigen heim eller omsorgsbustad. Midlar til fordeling er kr 19 296 900.  
Meir informasjon om tilskotsordninga finn de her:  
<https://www.fylkesmannen.no/vestland/tilskot/2020/09/tilskot-til-aktivitetstiltak-for-a-motverke-einsemd/>
- Tilskot til aktivitetstilbod og besøksvert.



Målgruppe eldre som har langtidsopphold i sjukeheim eller omsorgsbustad med heildøgns bemanning. Midlar til fordeling kr 23 627 523

Meir informasjon om tilskotsordninga finn de her:

<https://www.fylkesmannen.no/vestland/tilskot/2020/09/tilskot-til-aktivitetstilbod- og besoksvert/>

Vi har òg fått tilskotsmidlar som skal nyttast til kompensasjon til næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronavirus. Vi har fått kr 8 992 000 til fordeling. Tiltaket gjeld dette året. Vi oppmodar kommunane om å søke snarast råd.

Meir informasjon om tilskotsordninga finn de her:

<https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/tilskot/2020/12/kompensasjon-til-naringsdrivande-fastlegar-ved-sjukefravar-knytt-til-koronaviruset/>

### **13. Smittevernustyr**

Det kjem store parti smittevernustyr i tida som kjem. Dette gjeld mellom anna hanskar og stellefrakkar.

### **14. Munnbind på kollektivtransport**

Slik situasjonen i Noreg er i dag, finn ikkje Helsedirektoratet grunn til å påby munnbind på all kollektivtransport. Eit av argumenta mot å innføre eit slikt påbod er frykt for at bruk av munnbind kan erstatte éin-metersregelen, fordi avstand har ein mykje større beskyttande effekt enn munnbind.

Helsedirektoratet følgjer situasjonen i Danmark for å trekke vekslar på dei erfaringane som dei gjer seg der.

### **15. Orientering om tilgang på testutstyr v/Randi-Luise Møgster, Helse Bergen**

Ein kommune i Helse Bergen sitt nedslagsområde har etterspurd leveranse av tynne nasepenslar. Slik situasjonen er no, er det utfordringar knytt til leveransen av desse. Ettersom testaktiviteten har auka den siste tida, har behovet for å ha særleg merksemd på forsyningslinja av testsett auka. Helse Bergen har dialog med sine kommunar om dette, og det vert sett på agendaen i pandemikoordineringsgruppa.

Kravet om 5 % testkapasitet i kommunane er utfordrande på grunn av personell og praktisk organisering. Samstundes må forsyningslinjer for testutstyr og analysekapasitet øg vere på plass. Dette retter Helse Bergen særleg merksemd mot.

Det er uvist når eit system for spyttprøvar kjem på plass. Det vil truleg ta litt tid.